



Maskinplan PNT 2018- 2022

Vedteke i utviklingsutvalet 11/10-2018, sak 18/30:

- 1. Framlegg til maskinplan for V/A-, eigedom- og uteavdeling ved PNT – etaten vert teken til vitande.**
- 2. Planen skal vere retningsgjevande for prioritering i budsjett- og økonomiplanar i perioden.**
- 3. Adm. Får fullmakt til å prioritere innkaup på tvers av prioritera liste.**
- 4. Prisane på utstyr skal vurderast i høve til rimelegare alternativ.**

Innleiing

For å ha ei forutsigbar drift og kunne planleggje denne har teknisk etat laga ein maskinplan. Planen er tenkt bruka som eitt verktøy for å synleggjere status og behov. På bakgrunn av vedteken plan kan så teknisk etat planlegge drifta si knytt til oppgåver som ein i dag brukar denne typen utstyr til.

Utstyrliste

Under fylgjer ein spesifisera oversikt over utstyret som teknisk etat disponerar i dag.

Type utstyr	Merke	Årsmoell	Antall km/timar	Kommentar
Traktor	JCB	2012	6400 timar	Vurderast ny i 2019/20
Traktor	Massey Ferg.	2012	2500 timar	
Reiskap - traktorhengar	Stronga	2016		Leasing
Reiskap - sopeaggregat	Ducker	2016		Med oppsamlar
Reiskap - Traktorskrape	Steinsland	2017		
Reiskap - Sidesopar		1970		
Reiskap - Kantslåmaskin	Ducker	2018		Ny
Reiskap - snofres	Dalen 2010	1995		To - trinns
Reiskap - snofres	Dalen 2006	2004		V - fres
Reiskap - brøyteplog	Steinsland	1981		Slitt
Reiskap - brøyteplog	Tellefsdal	2016		
Reiskap - strøaggregat	Dalen	2013		
Reiskap - strøaggregat	Fallkjöping	1990		
Reiskap - strøaggregat	Fallkjöping	1990		
Reiskap - Tinehengar	Bassøe	2011		Til tining av stikkrenner
Bil veg – bygg - diverse	VW Transporter	2007	101 000 km	
Bil reinhald NV68597	VW Caddy	2014	40 000 km	Leasing



Bil veg – bygg - diverse	Toyota HiAce	2000	220 000 km	
Bil VA	Toyota HiAce	2009	70 000 km	
Bil VA	Toyota HiAce	2007	121 000 km	
Bil VA	Toyota HiAce	2009	60 000 km	
Bil VA	VW Caddy Max.	2018		Leasing
Lastebil - C1	MAN	1995	122 000 km	Vurdere ny 2020/2021
Brannbil	Scania	2017		
Tankbil ND91745	Scania	1986		
Mannskapsbil RA46212	Mercedes Vito	2015		
Mannskapsbil RA41823	Mercedes Vito	2008		
Tilhengar - bil		2016		
Tilhengar - bil		2000		
Skåphengar NZ1595		2017		Brannvesen
Lift	Dino 125T	2006		12,5 lang
Sitjeklyppar	Husqvarna	2014		
Sitjeklyppar	Husqvarna	2007	2 300 timar	
Sitjeklyppar	Husqvarna	2006		

Vurderingar og innleigeprisar

Tokke kommune må ta stilling til kva nivå dei vil legge seg på med tanke på mannskap og utstyr. Politisk har det kome signal om at kommunen skal redusere antal tilsette, men fortrinnsvis gjennom naturleg avgang.

Det som er viktig å ha med i vurderingane, er ei samanlikning av kostandar på å ha tenester internt mot å setje dei bort til eksterne.

Kommunen vil, ved behov for utskifting av maskiner og utstyr, måtte gjere ei vurdering av kva det vil koste å halde maskiner og utstyr sjølv kontra å leige inn eksterne tenester.

Det er fordelar og ulemper med begge løysingane, men kommunen må velje den løysinga som er mest forsvarleg både økonomisk, driftsmessig, kvalitetsmessig og mest effektiv.

Ei ana vurdering som også må ligge til grunn for kommunen sin del, er tilgjengeleg mannskap til å utføre dei ulike tenestene om ein har reiskap og utstyr til det.

Erfaring viser at kommunen stiller sterkt i forhold til fleksibilitet med å gjere mange oppgåver sjølv, på det tidspunktet det er behov for det. Eksempel som soping av sand, kantslåing og grusing av vegar er oppgåver der ein er avhengig av vær og vind for å kunne utføre det til rett tid. Ved å vere avhengig av å leige inn eksterne ressursar, vil ein kunne risikere at ein ikkje får utført oppgåvene til dei tidene det er mest gunstig, eller til dei tidene ein har behov for det.

Teknisk etat har gjort seg kjent med prisar på innleige av utstyr, tilgjengelegheit på ulikt utstyr og tenester.



Teneste/reiskap	Leigepris	Tilgjengelegheit
Traktor	500	
Lastebil	650	
Kantslått	1300	Kantslåttseasonen er veldig kort, og dei som leiger seg ut har stramme timeplanar. Ein er derfor i faresona for å verte nedprioritert.
Skraping av veg	650	For å skrape vegar er ein avhengig av at været er bra, for å ikkje øydelegge vegen. Dette kan verta ein flaskehals med tanke på at ein er avhengig av å leige inn mannskap.
Grusing av veg		Varierande med avstand frå massetak.
Brøyting	950 inkl beredskap med traktor	Brøytinga i kommunen er på anbod. Ikkje alle rutene kjem det inn prisar på, desse må kommunen taka eigen regi, eller forhandle direkte med lokale entrepenørar. No brøyter kommunen max av det dei rekk med 2 traktorar.
Strøing	Varierande frå 650 til 850 med traktor	Kommunen tek det dei rekk med eige utstyr, resten vert sett vekk på anbod.

Prioriteringsliste over fornying

Når ein ser på maskin- og utstyrsparken som Tokke kommune har i dag, er det behov for oppgradering. Prioriteringslista over oppgraderingsbehov er laga ut i frå kva ein meiner er lønnsamt for kommunen å sitje med av utstyr og maskiner.

Prioritering	Type maskin/reidskap	Grunngjeving	Tid	Pris ca
1	Sitjeklypperar	Trong for 2 nye, ein på Dalen og ein i Høydalsmo. Teknisk slær alt av grøntanlegg i kommunen.	2019	375 000
2	Innelukka liten sopemaskin som au kan brukast til brøyting av trebroer/ gangveg	HMS – for å sleppe støvplager når me sopar strøsand etter strøing om vinteren. Evt brøyte trebruer over til Huvestad i eigen regi ved neste anbodsrunde.	2019	625 000
3	Dalen 2010 2-trinns snofresar	1995 modell	2019	170 000
4	Sekshjuling m/hengar	Høge leigeprisar i samband med skogbrannar 2018	2019	225 000



5	Traktor – JCB	Gjeng ca 1 000 timar i året. Erfaringsmessig stig vedlikeholdskostnadene mykje når traktoren nærmar seg 6 – 7 år. Bruktverdien på traktoren vil ligge i underkant av 400 000 kroner.	2020	2 000 000
6	Lastebil – MAN – 1995 modell	Gamal lastebil som kostar mykje å halde skilt på kvart år. Vert bruka til alt frå søppelkøyning, materialkøyning til køyning av masser og liknande.	2021	Evt kaupe bruka nyare.
7	Tankbil brannvesen	1986 modell	2021	1 000 000
8	VW transporter eller liknande.	Utskifting av service bil på teknisk, vert bruka på veg – bygg – diverse.	2022	600 000
9	Massey Ferguson	2012 modell	2022	600 000

Om ein hadde ein fast sum årleg til fornying av maskiner og utstyr, ville ein stå friare til å handle når behovet meldte seg. På denne måten kunne ein handle når egna utstyr blir annonsert.